

Kven skal levere Aksjonærregisteroppgåva?

Aksjonærregisteroppgåva skal leverast av alle norske aksje- og allmennaksjeselskap og sparebankar med eigenkapitalbevis. Dette gjeld også dersom aksjeselskapet berre har utanlandske eigarar. Som utgangspunkt har selskapa ei sjølvstendig plikt til å sende inn Aksjonærregisteroppgåva, jf. skatteforvaltingslova § 7-7.

Selskap som er registrerte i Verdipapirsentralen (VPS) treng ikkje levere oppgåva. Da står VPS for innrapporteringa.

Skattefrie aksjeselskap m.m. skal i utgangspunktet ikkje levere oppgåva. Har selskapet skattepliktig inntekt, skal oppgåva leverast.

Innleveringsplikt for oppløyste selskap
Selskap som er oppløyste (likviderte, konkurs eller liknande) i løpet av 2018 skal òg levere oppgåve.

Desse skal ikkje levere oppgåva:

- Bustadaksjeselskap
- NUF
- Enkeltpersonføretak

Selskap som høyrer heime på Svalbard kan nå levere oppgåva elektronisk i Altinn.

Føremålet til Aksjonærregisteret

Opplysningar frå selskapa skal gje Skatteetaten grunnlag for å produsere og sende ut "Aksjeoppgåva 2018" (RF-1088) til aksjonærane. Godkjent oppgåve medfører òg at skattepliktige beløp blir førehandsutfylte i aksjonæren sine skattemeldingar. Om personvern, sjå <https://www.skatteetaten.no/om-skatteetaten/personvern>

MERK!

Dersom Aksjonærregisteroppgåva ikkje blir godkjent, blir det ikkje produsert noko oppgåve til aksjonærane, og skattepliktige beløp frå aksjane blir ikkje førehandsutfylte i skattemeldinga. I slike tilfelle har ikkje aksjonæren leveringsfritak frå skattemeldinga og må RF-1087N

levere det nye skjemaet RF-1159 (Gevinst, tap, utbytte og formue på aksjar og andre finansielle produkt) som eit vedlegg til skattemeldinga.

Leveringsfrist

Frist for innlevering av oppgåva er 31. januar 2019.

Har selskapet sendt inn aksjonærregisteroppgåve for 2017, finst det ei førehandsutfylt oppgåve i Altinn. Nærare informasjon om elektronisk innlevering finst på www.altinn.no og www.skatteetaten.no/RF1086

Tilbakemelding frå Aksjonærregisteret

Etter elektronisk innlevering får selskapet via e-post anten ei melding om at oppgåva er godkjend, eller ei melding om at oppgåva inneheld feil med ein frist for retting.

Dersom oppgåva blir levert på papir, får selskapet anten eit godkjenningsbrev eller eit brev om at oppgåva inneheld feil.

Oppgåve med feil

Ved feil manglar Skatteetaten grunnlag for å sende ut "Aksjeoppgåva 2018" (RF-1088) til aksjonærane i selskapet. Dette inneber at aksjonæren får mindre hjelp til å kontrollere skattemeldinga og må levere vedlegg til skattemeldinga "Gevinst, tap, utbytte og formue på aksjar og andre finansielle produkt" (RF-1159).

NB! Selskapet bør levere Aksjonærregisteroppgåva RF-1086 i tilstrekkeleg tid før leveringsfristen går ut, slik at eventuelle feil og manglar kan rettast opp før Skatteetaten produserer Aksjeoppgåva til aksjonærane. Det vil føre til at fleire aksjonærar kan få "Aksjeoppgåva 2018" (RF-1088) og få dei skattepliktige beløpa førehandsutfylte på skattemeldinga.

Ikkje levert oppgåve – pålagt tvangsmulkt

Dersom de ikkje leverer Aksjonærregisteroppgåva for 2018, blir selskapet pålagt ei dagleg tvangsmulkt. Dersom oppgåva for 2018 ikkje blir

levert innan fristen, får de eit varsel og vedtak om pålagt tvangsmulkt etter få dagar. Vedtaket inneheld informasjon om kva dag mulkta startar frå.

Mulkta utgjør eitt rettsgebyr per dag og kan ikkje overstige 50 rettsgebyr. Gjeldande satsar for rettsgebyr per 1. november 2018, er kroner 1 130 per dag. Ut frå desse satsane kan tvangsmulka maksimalt utgjere kroner 56 500 (50 rettsgebyr). Dette er basert på gjeldande satsar per 1. november 2018, men kan bli endra i 2019.

Skatteetaten manglar då grunnlag for å sende ut "Aksjeoppgåva 2018" (RF-1088) til aksjonærane i selskapet. Dette inneber at aksjonæren får mindre hjelp til å kontrollere skattemeldinga og må levere "Gevinst, tap, utbytte og formue på aksjar og andre finansielle produkt" (RF-1159). Skattepliktige beløp blir ikkje førehandsutfylte på skattemeldinga.

Selskap som er stifta før 2018, og som ikkje har levert aksjonærregisteroppgåve for eitt eller fleire tidlegare år, må òg levere oppgåve for desse åra for at oppgåva for året skal kunne godkjennast.

Døme på utfylte oppgåver

Dette finn du på www.skatteetaten.no/RF1086
Skatteetaten kan òg gje rettleiing.

Innhald og inndeling av oppgåva

Oppgåva er todelt: første delen gjeld selskapsopplysningar, andre delen gjeld aksjonærupplysningar. Aksjonærupplysningane frå og med post 19 må fyllast ut for kvar aksjonær i selskapet.

Selskapsopplysningar postane 1–18

I postane 1–7 fører du kapitaltilhøva i selskapet ved inngangen og utgangen av året.
I post 8 fører ein samla utdelt skattepliktig utbytte, under dette skattepliktige aksjonærlån. I postane 9–18 fører du selskaphendingar som har skjedd i løpet av inntektsåret. For nyutskrivne aksjar bruker du post 9 eller 10, og for sletta aksjar bruker du post 11 eller 12.

Ved endringar i aksjekapital/overkurs utan at det blir sletta eller skrive ut nye aksjar, bruker du postane 13–18.

Aksjonær opplysningar postane 19–30

Postane 19–20 identifiserer aksjonæren og viser kor mange aksjar denne aksjonæren har. For personlege aksjonærar er det viktig at desse blir identifiserte med fullt fødselsnummer (11 siffer). Desse to postane må alltid fyllast ut. Det skal fyllast ut eitt eksemplar for kvar aksjonær som er eller har vore eigar i selskapet i løpet av inntektsåret (side 3 på papiroppgåva kan kopierast etter behov).

Blir oppgåva levert elektronisk, må det fyllast ut eitt vedleggsskjema for kvar aksjonær. Dette gjer du ved å trykkje på arkfana "Oversikt – skjema og vedlegg" i hovudskjemaet. Bruk nedtrekkslista "Legg ved", og hent fram "RF-1086U Aksjonærregisteroppgåva for 2018" for kvar aksjonær.

Har det skjedd eigarskifte i løpet av året, må du altså gje opplysningar om både tidlegare og ny aksjonær.

I post 21 fører du skattepliktig utdelt utbytte til aksjonæren.

For aksjar i tilgang bruker du post 23 eller 24, og for aksjar i avgang post 25 eller 26.

Ved endringar i aksjekapital/overkurs utan at det blir sletta eller skrive ut nye aksjar, bruker du postane 27–30.

Dei fleste selskapshendingar som blir rapporterte i postane 8 til 18, skal finnast att på aksjonærnivå i dei tilsvarande postane 21 til 30. Det er gjeve tilvising til desse i de aktuelle postane.

Dersom opplysningane på selskapsnivå ikkje samsvarar med opplysningane på aksjonærnivå, blir oppgåva ikkje godkjent.

Fleire aksjeklassar

Har selskapet fleire aksjeklassar, må ein levere separate oppgåver over selskaps- og aksjonær opplysningar for kvar klasse.

Når ein leverer oppgåve for selskap som har fleire aksjeklassar, må ein levere alle RF-1086-oppgåver for selskapet same dag for å unngå feilmeldingar knytte til kvar einskild oppgåve. Dersom ein ikkje leverer same dag, får ein feilmeldingar fram til alle oppgåvene er leverte. Desse feilmeldingane kan ein sjå bort frå så

framt ein leverer korrekte oppgåver for alle aksjeklassar.

Tidspunkt

Det er nødvendig å fylle ut tidspunktet for dei hendingane som har skjedd i løpet av året. Det må gjevast opp nøyaktig same tidspunkt på aksjonærnivå som på selskapsnivå for same hendinga. Er det avvik eller manglar, vil oppgåva ikkje bli godkjent ved kontroll i Aksjonærregisteret. Oppgåver som viser feil i kontrollane, må rettast og leverast på nytt. Oppgåva vil heller ikkje bli godkjent dersom tidspunkt for ei hending manglar.

Fleire hendingar i løpet av inntektsåret

I slike tilfelle kan det bli nødvendig å fylle ut kvar enkelt post fleire gonger. Dette kan til dømes vere aktuelt for postane 8 og 21 i samband med "Totalt utdelt utbytte". Er det utdelt utbytte fleire gonger i løpet av inntektsåret, må desse postane fyllast ut på nytt for kvar utbytteutdeling.

Dersom du leverer elektronisk, legg du til ein ny post (eigen knapp). På papir gjer du det ved å fylle ut eitt skjema for kvar hending. Det må gjerast både på selskapsnivå (postane 1–18) og på aksjonærnivå (postane 19–30).

Fleire hendingar i løpet av ein dag

I slike tilfelle skal det fyllast ut ein post for kvar hending. Alle hendingar må ha ulike tidspunkt. For å sikre riktig handsaming i Aksjonærregisteret må selskapet alltid gje opp tidspunktet for kvar enkelt hending i formatet dd.mm.åååå tt:mm (t.d. 20.05.2018 12:15). I desse tilfella er det viktig å passe på at hendingane blir rapporterte med klokkeslett i riktig rekkjefølgje (t.d. neste hending 20.05.2018 12:20).

Verknadstidspunkt for selskapshendingar

Dei fleste selskapshendingar (kapitalendringar og omfordelingstilfelle) blir rekna for å vere gjennomførte når hendinga blir registrert i Føretaksregisteret. Det gjeld forhøgning av aksjekapital ved nyemisjon (aksjelova § 10-10) og ved fondsemisjon (aksjelova § 10-22), nedsetjing av aksjekapital (aksjelova § 12-6 nr. 3), fusjon (aksjelova § 13-16) og fisjon (aksjelova § 14-8, jf. § 13-16). Stifting av selskap gjeld frå stiftingsdokumentet er signert av alle stiftarane (aksjelova § 2-9). Når selskap blir likviderte, reknar ein hendinga for gjennomført det året midlane blir utdelte (aksjelova § 16-9).

Kva for selskap skal rapportere opplysningar ved fusjon eller fisjon?

Døme på utfylling av RF-1086 for fusjonar og fisjonar finn du på www.skatteetaten.no/RF1086

Det er selskapet der hendinga skjer som skal rapportere.

Ved skattefri fusjon/fisjon skal det overdragande selskapet rapportere på selskaps- og aksjonærnivå, til dømes i postane 12 og 26, dersom aksjane blir sletta i dette selskapet (post 18 skal brukast berre dersom pålydande blir sett ned). Vidare skal det overtakande selskapet rapportere på selskaps- og aksjonærnivå, høvesvis i postane 10 og 24, dersom det blir skrive ut vederlagsaksjar i dette selskapet (postane 15 og 29 dersom pålydande blir auka).

Ved ein konsernfusjon der morselskapet til det overtakande selskapet skriv ut vederlagsaksjar, er det likevel morselskapet (det utskrivande selskapet) som skal rapportere utskrivninga og kapitaltilhøva rundt denne. Årsaka er at justeringsfaktoren blir rekna ut på bakgrunn av aksjetilhøva i det overdragande og det utskrivande selskapet.

I dei tilfella der det blir skrive ut vederlagsaksjar, må opplysningane på oppgåva til det overdragande og det overtakande selskapet vere samanfallande for at det skal bli rekna ut riktig justeringsfaktor.

Oppgåva blir ikkje godkjend der det ikkje er gjeve samanfallande opplysningar.

Oppgåvene for alle selskapa bør leverast på same dag. Dersom ein ikkje leverer på same dag for alle selskap som er involverte i fusjonen/fisjonen, får ein feilmeldingar fram til alle oppgåvene er leverte. Desse feilmeldingane kan ein sjå bort frå så framt ein leverer korrekte oppgåver for alle selskapa.

Kva for selskap pliktar å rapportere dei hendingane/transaksjonane som har skjedd før fusjonen eller fisjonen:

Fusjon

Ved fusjon har i utgangspunktet det overtakande selskapet ansvaret for innrapporteringa av det som har skjedd i dei involverte selskapa før fusjonen (gjeld òg der overtakande er nystifta i samband med fusjonen). Ved konsernfusjon skal morselskapet til det overtakande selskapet rapportere

det som har skjedd før fusjonen. Dette er fordi morselskapet skriv ut vederlagsaksjane i ein konsernfusjon.

Fisjon

Ved fisjon der eit av selskapa blir rekna som det overdragande selskapet, har dette selskapet ansvaret for dei hendingane som har skjedd før fisjonen. Det same er tilfelle ved konsernfisjon. Ved fisjon der det overdragande selskapet blir oppløyst, må det avtalast i samband med fisjonsavtalen kva for eit selskap som skal ha ansvaret for den nemnde innrapporteringa.

Er selskapet nystifta i samband med ein fisjon, er det hendingstypen "fisjon" som skal brukast, og ikkje hendingstypen "stifting".

Fisjon til eksisterande selskap (fisjon-fusjon)

Ved fisjon til eksisterande selskap (fisjon-fusjon) skal det overdragande selskapet rapportere det som har skjedd i det fisjonerte selskapet før fisjonen. Det overtakande selskapet har ansvaret for å rapportere det som har skjedd i dette selskapet før fisjonen. Ein fisjon-fusjon blir registrert som fisjon i begge selskapa.

Selskap som har gått ut av VPS i løpet av inntektsåret

Korrigering av aksjeklasse/ISIN

Vi innførte for 2017 ein ny hendingstype i post 10 som gjeld for selskap som har gått ut av VPS. Selskapet registrerer tidlegare brukt ISIN og ny aksjeklasse.

Slike selskap kan halde fram med å rapportere med ISIN. Hendinga nyttar ein berre der ein ønskjer å rapportere på aksjeklassar i staden for ISIN.

SELSKAPSOPPLYSNINGAR

Generelt

Selskapet må identifiserast ved organisasjonsnummer, namn og adresse. I tillegg må du opplyse kva for aksjeklasse rapporteringa gjeld. Har selskapet berre ein aksjeklasse, skriv du "ordinære" i feltet for aksjeklasse.

Særleg om nedsetjing av aksjekapital

Har du til dømes sett ned aksjekapitalen frå 100 000 til 30 000 kroner i 2018, må du innrapportere dette fleire stader i aksjonærregisteroppgåva. Endring av aksjekapitalen skal førast i post 1. Har du gjort aksjekapitalnedsetjinga ved å

skrive ned pålydande verdi for aksjane, skal du føre nedsetjinga i postane 17 og 27. Har du sletta aksjar, skal nedsetjinga førast i postane 11 og 25.

Post 1: Aksjekapital for heile selskapet

Før opp den bokførte aksjekapitalen i heile selskapet, dvs. samla for alle aksjeklassane i selskapet per 31. desember 2017 og 2018.

Ved kapitalutviding legg du tidspunktet for registrering i Føretaksregisteret til grunn som verknadstidspunkt for kapitalutvidinga.

Post 2: Aksjekapital i denne aksjeklassen

Før opp aksjekapitalen i selskapet fordelt per aksjeklasse per 31. desember 2017 og 2018. Denne posten **må** fyllast ut sjølv om beløpet er det same som i post 1. (Det er berre dersom selskapet har fleire aksjeklassar at beløpet i denne posten ikkje blir det same som i post 1.)

Post 3: Pålydande per aksje

Før opp pålydande per aksje (for den aktuelle aksjeklassen) per 31. desember 2017 og 2018.

Post 4: Talet på aksjar i denne aksjeklassen

Før opp talet på aksjar i selskapet per 31. desember 2017 og 2018.

Post 5: Innbetalt aksjekapital i denne aksjeklassen

Før opp **innbetalt** aksjekapital i selskapet per 31. desember 2017 og 2018.

Som innbetalt aksjekapital reknar ein beløp som faktisk er innbetalte (i form av kontantinnbetaling og tingsinnskot).

Dette gjeld uavhengig av om aksjekapitalen er i behald.

Tilbakebetaling til aksjonærane reduserer innbetalt kapital. Her skal summen av skatteposisjonen innbetalt kapital for alle aksjonærane førast. Som innbetalt kapital reknar ein som hovudregel ikkje utviding av aksjekapitalen utan nyteikning (fondsemisjon). Dette tyder mellom anna at når det blir gjort ein fondsemisjon med tidlegare opptent kapital, skal kapitalauken (i post 1 og 2) ikkje påverke beløpet i denne posten.

Dersom selskapet har både innbetalt og fondsemittert aksjekapital, skal den fondsemitterte reknast for tilbakebetalt før den innbetalte (skattelova § 10-11 (5)).

Dersom den fondsemitterte kapitalen berre består av opptent kapital, vil utdeling frå selskapet i samband med

nedsetjing av aksjekapitalen vere ei vederlagsfri overføring frå selskapet til aksjonæren, og såleis utløyse utbytteskattlegging etter sktl. § 10-11 (2). Utbytteskatten rammar berre aksjar som eksisterte på tidspunktet for fondsemisjonen.

Omgrepet "innbetalt aksjekapital" dekkjer ikkje nødvendigvis det same som "innskoten aksjekapital" (jf. rekneskapslova § 6-2). Ved fusjon/fisjon skal summen av innbetalt aksjekapital vere den same før og etter fusjonen/fisjonen. Ved fisjon må innbetalt kapital i det utfisjonerte selskapet fordelast på selskapa etter fisjonen.

Post 6: Innbetalt overkurs i denne aksjeklassen

Her fører du berre **innbetalt** overkurs per 31. desember 2017 og 2018. Som innbetalt overkurs reknar ein beløp som faktisk er innbetalte (i form av kontantinnbetaling og tingsinnskot). Dette gjeld sjølv om overkurs er belasta stiftingskostnader eller anna.

Nytt av året

Post 7: Total formuesverdi for selskapet

Posten skal berre fyllast ut dersom selskapet i 2018 har sett opp eller ned aksjekapitalen ved innbetaling frå eller utbetaling til aksjonærane.

Det er den samla skattemessige formuesverdien til selskapet 1. januar 2019 som skal førast her.

Post 8: Utdelt utbytte

Med utdelt utbytte meiner ein her skattepliktig utbytte.

Før opp alle vederlagsfrie overføringar frå selskap til aksjonær (sktl. § 10-11 (2)). Her fører ein òg skattepliktig aksjonærlån. Gje opp utdelt utbytte per aksjeklasse, utdelt utbytte per aksje og tidspunkt. Tidspunktet er likt tidspunktet for vedtaket i generalforsamlinga om utdeling av utbytte. I dei tilfella der styret har fått fullmakt frå generalforsamlinga til å vedta utdeling, gjev ein opp tidspunktet for styret sitt vedtak om utdeling av utbytte.

Du må opplyse om kvar enkelt utbytteutdeling.

Tilbakebetaling av tidlegare fondsemittert aksjekapital (som ikkje er innbetalt) skal handsamast som utbytte, og beløpet skal òg takast med her. Tilbakebetaling av overkurs som **ikkje** er rekna som innbetalt, reknar ein som utbytte, og beløpet skal takast med her. For fleire utdelingar i løpet av

inntektsåret, sjå lenger framme i rettleiinga på side 2 under "Tidspunkt" og overskrifta "Fleire hendingar i løpet av inntektsåret".

Aksjonærlån

Lån frå eit selskap til ein personleg aksjonær blir rekna som utbytte hjå aksjonæren. Lånet skal innrapporterast som ei eiga hending i post 8 på selskapsnivå (Aksjonærlån). På aksjonærnivå skal lånet innrapporterast som utbytte i post 21.

Lån frå dotterselskap til personleg aksjonær i morselskap skal rapporterast som lån frå morselskapet.

Døme: Personleg aksjonær eig selskap A som igjen eig selskap B. Personleg aksjonær tek imot skattepliktig aksjonærlån frå selskap B. Selskap A skal rapportere skattepliktig aksjonærlån.

Nedbetaling av lån som tidlegare er skattlagt som utbytte, skal handsamast som innskot av ny kapital på aksjonæren si hand. Det inneber at tilbakebetalingsbeløpet skal fordelast og leggast til inngangsverdien på aksjonæren sine aksjar. Slik nedbetaling skal innrapporterast i post 22.

Unntak for skattlegging av aksjonærlån

Lån som blir ytt frå arbeidsgivar skal ikkje reknast som utbytte for arbeidstakar dersom arbeidstakaren ikkje eig meir enn 5 prosent av aksjane i selskapet eller eit anna selskap i det same konsernet. Kreditt under 100 000 kroner frå selskap til aksjonær blir ikkje skattlagt som utbytte dersom kreditten blir innfridd innan 60 dagar etter at han blei gjeven.

Sjå fleire unntak i forskrift § 10-11-1 i skattelova (Unntak frå reglane om at lån frå selskap til aksjonær skal reknast som utbytte).

Hugs å fylle ut post 21 for kvar aksjonær som har motteke skattepliktig utbytte. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

OPPLYSNINGAR PÅ SELSKAPSNIVÅ VED ENDRINGAR I SELSKAPSKAPITALEN

POST 9–18

Post 9: Nyutskrivne aksjar

Opplys om talet på nyutskrivne aksjar i selskapet i løpet av inntektsåret som ikkje har bakgrunn i omfordelingstilfelle (sjå post 10 for desse tilfella).

Under "Hendingstype" skal du gje opp kva slags hending som er årsak til utskrivninga. Desse hendingane er aktuelle:

- stifting
- nyemisjon (emisjon ved nyteikning)
- nyemisjon ved konvertering av fordring
- nyemisjon ved konsernintern overføring (utskrivning av aksjar som vederlag for overførte eidedelar, jf. Finansdepartementet si forskrift til skattelova (FSFIN) § 11-21-7)
- skattepliktig fusjon
- skattepliktig fisjon
- skattefri omdanning av enkeltpersonføretak/deltakarlikna selskap til aksjeselskap/allmennaksjeselskap
- flytting av selskap til og frå Noreg
- stifting/nyemisjon med inntektsfrådrag

Vidare gjev du opp talet på aksjar etter utskrivninga, tidspunktet for utskrivninga, pålydande per aksje og eventuelt innbetalt overkurs ved utskrivninga. Ved skattepliktig fusjon/fisjon der eigne aksjar blir brukte som vederlag, skal det opplysast om kor mange eigne aksjar som blir overførte.

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 23. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Flytting av selskap til og frå Noreg

Denne posten skal brukast når selskapet flyttar til Noreg. Aksjonærane må sjølve kontrollere, eventuelt korrigere slik at dei får rett inngangsverdi i Aksjeoppgåva (RF-1088).

Stifting/nyemisjon med inntektsfrådrag

Personlege skattyttarar kan få frådrag i alminneleg inntekt med inntil kroner 500 000 kvart år for innskot i oppstartsselskap. Ein kan òg gjere innskot gjennom eit aksjeselskap som investor er eigar i (holdingselskap). Om

ordninga og dei nærare vilkåra for frådrag, sjå omtalen på skatteetaten.no og i Skatte-ABC, tema "Aksjer-aksjeinnskudd i oppstartsselskap".

Denne hendingstypen må nyttast for at aksjonæren skal få dette førehandsutfyllt på skattemeldinga.

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 23. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 10: Nyutskrivne aksjar (omfordeling)

Opplys om talet på nyutskrivne aksjar i selskapet i løpet av inntektsåret på grunn av eit omfordelingstilfelle.

Under "Hendingstype" skal det gjevast opp kva slags hending som er årsak til utskrivninga. Desse hendingane er aktuelle:

- fondsemisjon
- split
- skattefri fusjon
- skattefri fisjon
- samanslåing/deling av aksjeklassar
- skattefri fusjon/fisjon m utanlandsk selskap
- korrigering av aksjeklasse/ISIN

Vidare skal du gje opp talet på aksjar etter utskrivninga, tidspunktet for utskrivninga og pålydande per aksje ved utskrivninga.

Skattefri fusjon/fisjon

Døme på utfylling av RF-1086 for fusjonar og fisjonar finn du på www.skatteetaten.no/RF1086

Det er selskapet som skal skrive ut vederlagsaksjar som skal rapportere inn kapitalforhøginga. Dette er normalt det overtakande selskapet (ved konsernfusjon/-fisjon gjeld dette det overtakande selskapet sitt morselskap). Innrapporteringa kan vere noko forskjellig, avhengig av korleis kapitalnedsetjinga er gjort i det overdragande selskapet.

Dersom kapitalen blir forhøgd ved auke av pålydande, skal dette rapporterast i post 15.

Ved ordinær skattefri fusjon/fisjon skal ein òg gje opp organisasjonsnummeret til det overdragande selskapet, aksjeklasse, talet på innløyste aksjar og pålydande per innløyst aksje.

I tilfelle der det utskrivande selskapet er eit anna enn det overtakande selskapet

(konsernfusjon/-fisjon), skal det utskrivande selskapet òg gje opp organisasjonsnummeret til det overtakande selskapet.

Der det overdragande selskapet gjennomfører kapitalnedsetjinga ved å redusere pålydande i selskapet, må det overtakande selskapet gje opp talet på aksjar i det overdragande selskapet og pålydande på aksjane i det overdragande selskapet etter fisjonen. Talet på aksjar i det overdragande selskapet (som er det same før og etter fisjonen) fører du i feltet "Talet på innløyste aksjar". Pålydande på aksjane i det overdragande selskapet etter fisjonen fører du i feltet "Pålydande per innløyste aksje".

Skattefrie fusjon/fisjon med utanlandsk selskap

Når ein brukar denne hendinga, skal ein bruke felte Talet på sletta aksjar, Talet på aksjar etter, Tidspunkt og Pålydande per aksje. Om skattefrie fusjonar og fisjonar over landegrensene, sjå Liknings-ABC under emnet "Fusjon over landegrensene" og emnet "Fisjon over landegrensene".

Omvendt mor/dotter-fusjon

I ein omvendt mor/dotter-fusjon er dotterselskapet det overtakande selskapet.

Morselskapet rapporterer inn hendinga som ein ordinær fusjon.

Dotterselskapet rapporterer i post 10 hendinga som ein vanleg fusjon, men i staden for "Talet på nyutskrivne aksjar" brukar du feltet "Talet på egne aksjar overført". Her fyller du ut talet på aksjar morselskapet åtte i dotterselskapet ved fusjonen. Skulle det i tillegg blir skrive ut aksjar ved fusjonen, skal dei registrerast i feltet "Talet på nyutskrivne aksjar".

Vidare må dotterselskapet rapportere i post 25 at morselskapet ikkje lenger er aksjonær i dotterselskapet. I dette tilfellet brukar ein transaksjonstypen "Avgang egne ved fusjon/fisjon".

Er det ikkje skrive ut aksjar ved fusjonen, må det i desse tilfella fyllast ut "0" i feltet "Talet på nyutskrivne aksjar" for at oppgåva skal bli godkjent i Aksjonærregisteret.

Samanslåing/deling av aksjeklassar

Ved samanslåing/deling av aksjeklassar er postane 10, 12, 24 og 26 aktuelle. I post 10 fører du talet på nyutskrivne aksjar innanfor ein aksjeklasse.

Døme:

Har ein endra frå å ha 10 ordinære aksjar til 5 A-aksjar og 5 B-aksjar (deling), må ein levere tre aksjonærregisteroppgåver fordi ein har ev. avgang/tilgang i tre forskjellige aksjeklassar.

For den "ordinære" aksjeklassen leverer du inn ei oppgåve som viser først 5 sletta aksjar i post 12 (må òg førast på aksjonærnivå i post 26). Talet på sletta er då 5, og talet etter er 5. I feltet "ISIN/Aksjeklasse" fører du opp den aksjeklassen som dei 5 sletta aksjane skal overførast til – i dette dømet til A-aksjar. Vidare må post 12 fyllast ut ein gong til for dei neste 5 sletta aksjane som går over til å vere aksjeklasse B. Talet på sletta aksjar vil òg her vere 5, medan talet på aksjar etter er 0. I feltet ISIN/aksjeklasse fører du aksjeklasse B.

For aksjeklassen "A" leverer du ei oppgåve som viser 5 nyutskrivne A-aksjar i post 10 (post 24 skal fyllast ut på aksjonærnivå). I feltet "ISIN/Aksjeklasse" fyller du inn kvar dei nyutskrivne aksjane kjem frå – i dette dømet aksjeklassen "ordinære aksjar". Endeleg må det leverast oppgåve for aksjeklassen "B", som då òg skal vise 5 nyutskrivne aksjar i post 10 (post 24 skal fyllast ut på aksjonærnivå), og i feltet "ISIN/Aksjeklasse" fører du ordinære aksjar.

Prinsippet for føring blir det same ved samanslåing som for deling. Endrar ein frå å ha 5 A-aksjar og 5 B-aksjar til 10 ordinære aksjar, må det òg leverast tre aksjonærregisteroppgåver. Oppgåva for aksjeklassen "B" viser då t.d. 5 sletta aksjar i post 12 (og 5 sletta i post 26 på aksjonærnivå), og i feltet "ISIN/Aksjeklasse" fører du ordinære aksjar (den aksjeklassen dei sletta aksjane går over til).

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 24.

Korrigerings av aksjeklasse/ISIN

Denne hendingstypen gjeld for selskap som har gått ut av VPS.

Selskapet registrerer tidlegare brukt ISIN og ny aksjeklasse.

Slike selskap kan halde fram med å rapportere med ISIN. Hendinga nyttar ein berre der ein ønskjer å rapportere på aksjeklassar i staden for ISIN.

Post 11: Sletta aksjar

Opplys om talet på sletta aksjar i selskapet i løpet av inntektsåret som ikkje har bakgrunn i eit

omfordelingstilfelle (sjå post 12 for slike tilfelle).

Under "Hendingstype" skal du gje opp kva slags hending som er årsak til at aksjane er sletta. Desse hendingane er aktuelle:

- likvidasjon
- likedelt partiell likvidasjon
- skeivdelt partiell likvidasjon
- skattepliktig fusjon
- skattepliktig fisjon
- sletting av egne aksjar til dekning av tap og avsetjing til fond
- skattepliktig innløyning i samband med skattefrie fusjon/fisjon
- flytting av selskap til og frå Noreg

Gje vidare opp talet på aksjar i selskapet etter slettinga, tidspunktet og pålydande per aksje ved slettinga. Gje opp eventuelt gjennomsnittleg innbetalt overkurs per sletta aksje og det vederlaget som vart utbetalt ved slettinga av aksjane.

Ved likedelt partiell likvidasjon gjev ein opp utbytte i post 8 og tilbakebetaling av innbetalt kapital i feltet "Totalt vederlag/Utbetalt av innbetalt kapital". Likedelt partiell likvidasjon blir ikkje rekna for ein realisasjon, og ved bruk av denne hendingstypen er det berre tilbakebetaling av innbetalt kapital som skal førast i feltet. Ordinær likvidasjon og skeivdelt partiell likvidasjon er realisasjon, og då skal det totale vederlaget som blir utbetalt førast i feltet.

Flytting av selskap til og frå Noreg

Denne posten skal brukast når selskapet flyttar frå Noreg og utflyttinga ikkje utløyser realisasjonsskattlegging. Ved skattepliktig utflytting, brukar ein hendingstypen Likvidasjon. Om flytting av selskap ut av Noreg, sjå Liknings-ABC under emnet "Utland – utflytting av selskap fra Norge".

Er det delt ut naturalia, set du verdien til marknadsverdien. Er verdien 0, skriv du 0 i feltet.

Reduksjon av innbetalt overkurs skal òg gå fram av post 6.

Blir det gjennomført skattepliktig fisjon med reduksjon av pålydande, skal dette innrapporterast i post 17.

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 25. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 12: Sletta aksjar (omfordeling)

Opplys om talet på sletta aksjar i selskapet i løpet av inntektsåret på grunn av eit omfordelingstilfelle.

Under "Hendingstype" skal du gje opp kva slags hending som er årsak til at aksjane er sletta. Desse hendingane er aktuelle:

- spleis
- skattefri fusjon
- skattefri fisjon
- samanslåing/deling av aksjeklassar
- skattefri fusjon/fisjon m utanlandsk selskap
- fusj. Skattefri til mor eller fisj. asl. §14-11 b

Gje vidare opp talet på aksjar etter tidspunktet for slettinga og pålydande per aksje.

Skattefri fusjon/fisjon

Det er det overdragande selskapet som slettar aksjar, som skal rapportere inn kapitalnedsetjinga.

Bli kapitalnedsetjinga gjort ved at ein reduserer pålydande, skal dette rapporterast i post 18.

Ved ordinær skattefri fusjon/fisjon skal du gje opp organisasjonsnummeret til det overtakande selskapet, aksjeklasse, talet på vederlagsaksjar som er utskrivne i det overtakande selskapet, og pålydande på vederlagsaksjane.

Ny hendingstype i år

I dei tilfella der det ikkje blir skrivne ut vederlagsaksjar i mor/dotter-fusjon skal du nytte den nye hendingstypen "Fusjon skattefri til mor eller fisjon asl §14-11b". Denne hendingstypen skal òg brukast ved fisjon når dei overtakande selskapa eig alle aksjane i det overdragande selskapet. Her fyller du ut felta for talet på sletta, tal etter og tidspunkt.

I fusjonar der det blir skrivne ut vederlagsaksjar i morselskapet til det overtakande selskapet, må ein fylle ut feltet for tal vederlagsaksjar med talet på aksjar i det overtakande selskapet på fusjonstidspunktet. Når det overdragande selskapet skal innrapportere det overtakande selskapet, skal ein bruke feltet "Org.nr. til overtakande selskap" (ikkje feltet som heiter "Org.nr. til overtakande morselskap"). Fusjonen skal i desse tilfella **ikkje** rapporterast inn på det overtakande selskapet.

I dei tilfella der det utskrivande selskapet er eit anna enn det overtakande selskapet, skal det overdragande selskapet ikkje bruke felta for overtakande selskap, men felta for morselskapet til det overtakande selskapet.

Skattefri fusjon/fisjon med utanlandsk selskap

Når ein bruker denne hendinga, skal ein bruke felta Talet på sletta aksjar, Talet på aksjar etter, Tidspunkt og Pålydande per aksje. Om skattefrie fusjonar og fisjonar over landegrensene, sjå Liknings-ABC under emnet "Fusjon over landegrensene" og emnet "Fisjon over landegrensene".

Samanslåing/deling av aksjeklassar Sjå framgangsmåte under post 10.

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 26. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 13: Nedsetjing av innbetalt overkurs med tilbakebetaling til aksjonærane i løpet av inntektsåret

Opplys om nedsetjing av innbetalt overkurs med tilbakebetaling til aksjonærane, og tidspunktet for tilbakebetalinga. Tilbakebetalinga skal redusere inngangsverdien på aksjen frå det tidspunktet beløpet er tilbakebetalt. Gje opp det totale utbetalte beløpet for aksjonærane samla per utbetaling.

Som innbetalt overkurs reknar ein beløp som faktisk er innbetalte.

Overkurs kan bestå av både innbetalt og opptent kapital. Nedsetjing av overkurs som ikkje blir rekna som innbetalt, skal handsamast som skattemessig utbytte og gjevast opp i post 8 og 21.

Reduksjon av innbetalt overkurs skal òg gå fram av post 6.

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 28. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, bli ikkje oppgåva godkjend.

Post 14: Forhøging av aksjekapital ved auke av pålydande per aksje i samband med fondsemisjon

Opplys om forhøging av aksjekapitalen i selskapet ved fondsemisjon, auke av pålydande per aksje, pålydande per

aksje etter fondsemisjonen og tidspunktet for fondsemisjonen.

Hendinga skal ikkje rapporterast på aksjonærnivå.

Post 15: Forhøging av aksjekapital og overkurs ved auke av pålydande ved nyemisjon, fisjon og fusjon

Under "Hendingstype" skal det gjevast opp kva slags hending som er årsak til forhøginga av aksjekapitalen. Desse hendingane er aktuelle:

- fisjon ved auke av pålydande
- fusjon ved auke av pålydande
- nyemisjon ved auke av pålydande
- forenkla fusjon etter asl. § 13-24
- fusjon/fisjon utland ved auke av pålydande
- nyemisjon ved konvertering av fordring ved auke av pålydande

Vidare skal du gje opp auken av pålydande per aksje, pålydande per aksje etter kapitalauken og tidspunktet for kapitalauken.

Hendinga "Forenkla fusjon etter asl. § 13-24" kan brukast ved fusjon av to aksjeselskap med same eigar, der eigaren eig alle aksjane i selskapa. Inngangsverdiene på aksjane i det overdragande selskapet vil då bli omfordelte på aksjane i det overtakande selskapet.

Ved skattefri fisjon/fusjon skal du i tillegg gje opp organisasjonsnummeret og aksjeklassen til det overdragande selskapet.

Ved skattepliktig fisjon/fusjon der aksjekapitalen blir forhøgd ved auke av pålydande, bruker du hendingstypen "Nyemisjon ved auke av pålydande".

Fusjon/fisjon utland ved auke av pålydande

Denne skal brukast når eit norsk selskap aukar aksjekapitalen ved ein fusjon eller fisjon med/frå eit utanlandsk selskap. Når ein brukar denne hendinga, skal ein bruke felta Forhøging av aksjekapital, Auke av pålydande per aksje, Tidspunkt og Pålydande per aksje etter. Om skattefrie fusjonar og fisjonar over landegrensene, sjå Liknings-ABC under emnet "Fusjon over landegrensene" og emnet "Fisjon over landegrensene".

Inngangsverdien til aksjane blir rekna for å vere forhøgd med dei innbetalte beløpa.

Som innbetalt overkurs reknar ein berre beløp som faktisk er innbetalte (overkurs kan bestå av både innbetalt og opptent kapital).

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 29. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 16: Nedsetjing av aksjekapital ved reduksjon av pålydande per aksje til dekning av tap og overføring til fond

Opplys om nedsetjing av innbetalt og fondsemittert aksjekapital i selskapet ved reduksjon av pålydande per aksje, som er brukt til å dekkje tap i selskapet eller er overført til fond. Opplys vidare om reduksjon av pålydande per aksje, pålydande per aksje etter nedsetjinga og tidspunktet for nedsetjinga. Ved nedsetjing skal det først avreknast i fondsemittert kapital, deretter i innbetalt.

Hendinga skal ikkje rapporterast på aksjonærnivå.

Post 17: Nedsetjing av aksjekapital ved reduksjon av pålydande per aksje med utbetaling til aksjonærane

Opplys om total nedsetjing av aksjekapitalen i selskapet, reduksjon av pålydande per aksje, pålydande per aksje etter nedsetjinga og tidspunktet for nedsetjinga.

Posten skal òg brukast ved skattepliktig fisjon ved reduksjon av pålydande.

Tilbakebetalt tidlegare fondsemittert kapital er skatterettsleg å rekne som utbytte. Beløpet skal dermed også førast i post 8 på selskapsnivå og i post 21 på aksjonærnivå med det same klokkeslettet som fondsemittert kapital i post 27.

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 27. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 18: Nedsetjing av aksjekapital ved reduksjon av pålydande per aksje ved skattefri utfisjonering (omfordeling)

Nye hendingstypar i år

Denne posten inneheld to hendingstypar.

"Fisjon ved reduksjon pålydande" blir nytta når det blir fisjonert ut til éitt overtakande selskap.

"Fisjon ved oppsplitting av selskap" blir nytta når det blir fisjonert ut til fleire overtakande selskap.

Opplys om nedsetjing av aksjekapitalen til selskapet ved reduksjon av pålydande ved skattefri fisjon, inkludert reduksjon av pålydande per aksje, pålydande per aksje etter fisjonen og tidspunktet for fisjonen.

Ved fisjonering ut til éitt overtakande selskap skal ein gje opp organisasjonsnummeret til det overtakande selskapet, aksjeklasse på dei aksjane som blir mottekne som vederlagsaksjar i det overtakande selskapet, talet på vederlagsaksjar som er utskrivne i det overtakande selskapet, og pålydande på vederlagsaksjane.

Dersom det utskrivande selskapet er morselskapet til det overtakande selskapet (konsernfisjon), skal du gje opp organisasjonsnummeret til det utskrivande selskapet, aksjeklasse på dei aksjane som blir mottekne som vederlagsaksjar i morselskapet til det overtakande selskapet, talet på vederlagsaksjar og pålydande på vederlagsaksjane.

Ved utfisjonering til fleire overtakande selskap, skal opplysningar om dei overtakande selskapa berre gjevast opp i post 30.

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå i post 30. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

AKSJONÆROPPLYSNINGAR

Generelt

Post 19 og 20 må fyllast ut for kvar aksjonær. Dette gjeld både for aksjonærer som eig aksjar ved utgangen av året, og aksjonærer som har vore eigarar i løpet av 2018.

Det er viktig at dei tala på aksjar som blir innrapporterte i post 20 på kvar enkelt aksjonær, stemmer med det totale talet på aksjar i selskapet. Samsvarar ikkje desse opplysningane, blir Aksjonærregisteroppgåva ikkje godkjend, og selskapet må levere ny oppgåve.

Post 19: Namnet på aksjonæren, adresse, fødselsnummer, organisasjonsnummer, utanlandsk aksjonær-ID og ev. landkode

Fysiske personar som er busette i Noreg skal gje opp fødselsnummer, namn og adresse. (Gjeld òg næringsdrivande som har enkeltpersonføretak.) Personar som ikkje er skattemessig busette i Noreg og som har fått tildelt D-nummer, skal gje opp dette nummeret.

Aksjonærer som har fått tildelt utanlandsk aksjonær-ID frå Aksjonærregisteret, skal bruke denne.

Dersom aksjonæren korkje har fødselsnummer, D-nummer eller utanlandsk aksjonær-ID, skal namn, adresse og land gjevast opp. Slike aksjonærer får tildelt aksjonær-ID til bruk i innrapportering for seinare år. Den har forma UTLxxxxxxxx.

Juridiske personar som høyrer heime i Noreg, skal som hovudregel bruke organisasjonsnummer som aksjonæridentitet.

Deltakarlikna selskap med organisasjonsnummer skal bruke dette som aksjonæridentitet. Tingsrettslege sameige som opptre som det utetter og som driv næringsverksemd, blir rekna for ansvarlege selskap.

For sameigarar som ikkje har organisasjonsnummer og der fleire eig aksjar i fellesskap, blir sameigarane skatterettsleg rekna som deleigarar i egedelane/aksjane til sameiget, og skal bruttofastsetjast. Aksjebeholdninga til sameiget må registrerast på ein representant for sameiget.

Andre innretningar som ikkje har organisasjonsnummer inkluderer mellom anna innretningar som ikkje driv næringsverksemd, og der innretninga har medlemmer, som til dømes foreiningar, klubbar, lag o.l. Identifikasjon av slike innretningar er avhengig av realiteten bak den organisasjonsforma som er oppgjeven. Er innretninga i realiteten eit sameige (som ikkje er eit deltakarfastsett selskap), må aksjekjøpa til sameiget registrerast ved berre ein representant for heile sameiget. Blir medlemene ikkje rekna for å eige aksjane i fellesskap fordi medlemene har avgrensa ansvar i høve til innretninga og med rettar som er avgrensa til formuesdelar i eller inntektsdelar av innretninga, blir innretninga sjølv rekna som skattemessig eigar av aksjane.

Innretninga må då identifiserast med namn og adresse.

Post 20: Talet på aksjar per aksjonær

Her fører du talet på aksjar aksjonæren eig ved utgangen av 2017 og ved utgangen av 2018.

Post 21: Utdelt utbytte til aksjonæren for denne aksjeklassen

Med utdelt utbytte meiner ein her skattepliktig utbytte.

Før opp det totale utbyttet aksjonæren har fått ved kvar enkelt utdeling, talet på aksjar som ligg til grunn for utdelinga og tidspunktet for avgjersle om utdeling av utbytte (likt tidspunktet for vedtaket i generalforsamlinga).

Aksjonærlån som er tekne opp frå og med 7. oktober 2015

Lån frå eit selskap til ein personleg aksjonær blir rekna som utbytte hjå aksjonæren. Lånet skal innrapporterast som ei eiga hending i post 8 på selskapsnivå (Aksjonærlån). På aksjonærnivå skal lånet innrapporterast som utbytte i post 21.

Dersom aksjonæren tidlegare har teke imot eit skattepliktig lån frå selskapet, blir utbytte ein deler ut seinare, automatisk motrekna lånesaldoen slik at utbytte ikkje blir skattlagt. Føresetnaden er at ein ikkje tek imot utbyttet, men nyttar det til nedbetaling av lånet. Dersom aksjonæren ikkje nyttar utbyttet til å betale ned lånet, men tek imot det, skal dette skattleggjast som vanleg utbytte. I slike tilfelle må ein krysse av i feltet "Behalde aksjelån".

Tilbakebetaling av tidlegare fondsemittert aksjekapital (som ikkje er innbetalt) skal handsamast som utbytte, og beløpet som er tilbakebetalt til kvar enkelte aksjonær skal takast med her.

Tilsvarende opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 8. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Kjeldes katt

Før opp den kjeldes kattesatsen som blir lagt til grunn ved skattlegging av aksjonærar som høyrer heime i utlandet etter sktl. § 10-13. Før opp prosentsatsen og beløpet som er trekt i kjeldes katt, og kva for land aksjonæren var busett i på utbyttetidspunktet.

Dersom kjeldes kattesatsen skal være 0, må ein føre talet 0 i felta "Kjeldes katt i %" og "Kjeldes katt i kroner".

Post 22: Tilbakebetaling av tidlegare innbetalt kapital og nedbetaling av skattepliktig lån

Denne posten inneheld desse tre transaksjonstypane:

- tilbakebetaling av tidlegare innbetalt kapital
- nedbetaling av skattepliktig lån
- ettergiving av aksjonærlån

Tilbakebetaling av tidlegare innbetalt kapital

Gjeld når selskapet tidlegare har konvertert innbetalt aksjekapital/overkurs til annan eigenkapital og seinare betaler ut selskapsrettsleg utbytte. Gjeld òg når selskapet deler ut midlar som er skattlagde som lån og nedbetalte. Sjå døme nedanfor.

Når selskapet gjennomfører ei slik utdeling, må feltet fyllast ut for aksjonærar som skattemessig har høve til å klassifisere utdelinga som tidlegare innbetalt kapital. Beløpet reduserer då inngangsverdien til aksjane.

Døme på uttak av midlar som er skattlagde som lån og heilt eller delvis nedbetalte

A låner 100 000 kroner av selskapet i desember i år 1 (skattepliktig lån). I år 2 nedbetaler han lånet med 70 000 kroner. Inngangsverdien på A sine aksjar aukar med 70 000 kroner. I år 4 ønskjer A å ta ut 70 000 kroner skattefritt av selskapet. A må då føre kroner 70 000 i post 22 slik at inngangsverdien på aksjane blir redusert med kroner 70 000.

Nedbetaling av skattepliktig lån

Nedbetaling av lån som tidlegare er skattlagt som utbytte, skal handsamast som innskott av ny innbetalt kapital på aksjonæren sine aksjar. Det inneber at tilbakebetalingsbeløpet skal fordelast og leggjast til inngangsverdien på aksjane.

Ettergiving av aksjonærlån

Ettergiving av lån skal òg førast i denne posten. Dette påverkar ikkje inngangsverdien til aksjane.

Postane 5 eller 6 må korrigerast i samsvar med beløp som ein fører i post 22, med unntak av ettergiving av aksjonærlån.

Post 23: Aksjar i tilgang (anskaffingar)

Gje opplysningar om nye aksjar aksjonæren har skaffa seg i selskapet i løpet av inntektsåret.

Gje opp i feltet "Transaksjonstype" om aksjonæren har skaffa seg aksjane ved:

- kjøp
- arv utan skattemessig kontinuitet
- gåve utan skattemessig kontinuitet
- arv/gåve med skattemessig kontinuitet (blir òg brukt ved overføring mellom ektefellar)
- avgiftspliktig arv/gåve med skattemessig kontinuitet
- gåvesal
- stifting
- nyemisjon (emisjon ved nyteikning)
- nyemisjon ved konvertering av fordring
- nyemisjon ved konsernintern overføring
- konsernintern overføring
- fusjon (skattepliktig)
- fisjon (skattepliktig)
- skattefri omdanning av enkeltpersonføretak/deltakarlikna selskap til aksjeselskap /allmennaksjeselskap
- overføring med skattemessig kontinuitet
- bytte av aksjar til/frå selskap utanfor Noreg
- flytting av selskap til og frå Noreg
- fordeling mellom ektefellar ved skilsmisse
- stiftelse/nyemisjon med inntektsfrådrag
- frådrag for investering i oppstartsselskap
- skattefri utbytteaksje

Gje opp kor mange aksjar som er anskaffa, og tidspunktet for anskaffinga. Aksjar som er skaffa ved nyteikning, blir rekna for skaffa når kapitalforhøginga er registrert i Føretaksregisteret. Aksjar som er skaffa ved stifting, blir rekna for skaffa når selskapet er stifta. Kjenner selskapet anskaffingsverdien til aksjonæren, kan den gjevast opp for heile aksjeposten.

For aksjar som er skaffa ved kjøp, skal anskaffingsverdien setjast til det den nye eigaren faktisk har betalt for aksjen, inkludert ev. kostnader. For aksjar som er skaffa ved stifting av aksjeselskap, eller ved seinare utviding av aksjekapitalen, skal anskaffingsverdien setjast til innbetalt aksjekapital, medrekna innbetalt overkurs.

Posten finst ikkje på selskapsnivå ved kjøp, arv-/gåvetilfelle eller overføring med skattemessig kontinuitet, fordi desse berre gjeld transaksjonar mellom aksjonærar.

Arv/gåve

Ved arve- og gåvetransaksjonar er det viktig at selskapet rapporterer inn transaksjonen med riktig transaksjonstype.

Når nokon får aksjar og eigenkapitalbevis ved arv eller gåve, skal mottakaren i utgangspunktet vidareføre dei skattemessige verdiane til arvelataren/gjevaren. Det vil seie at arvingen/mottakaren overtek inngangsverdien til arvelataren/gjevaren. Utgangspunktet om at mottakaren overtek arvelataren/gjevaren sine skattemessige verdiar blir kalla skattemessig kontinuitet.

Dersom inngangsverdien som skal overtakast frå arvelataren/gjevaren er høgare enn grunnlaget som mottakaren svarar arveavgift eller gåveavgift av, blir inngangsverdien til mottakaren avgrensa til avgiftsgrunnlaget. Denne avgrensinga gjeld ikkje dersom arven/gåva ikkje er avgiftspliktig. Det skal berre svarast arveavgift på arv der dødstidspunktet for arvelataren var før 2014.

Prinsippet om skattemessig kontinuitet ved arv og gåve gjeld berre overføringar mellom personlege aksjonærar med alminneleg skatteplikt til Noreg.

Bruk av transaksjonstypar ved arv og gåve:

Arv utan skattemessig kontinuitet

Denne transaksjonstypen skal brukast i post 23 og 25 når vilkåra for bruk av reglane om kontinuitet ikkje er til stades. Dette vil typisk vere arv frå eller til ein person som er skattemessig busett i utlandet. I slike tilfelle gjeld ikkje reglane om kontinuitet, og i anskaffingsverdifeltet i post 23 fører du difor pårekna omsetningsverdi på aksjane/eigenkapitalbevisa. Felta "Gjevar/arvelatars f.nr." og "Mottakars f.nr." skal ikkje fyllast ut.

Gåve utan skattemessig kontinuitet

Her gjeld tilsvarande som under punktet ovanfor om "arv utan skattemessig kontinuitet".

Avgiftspliktig arv/gåve med skattemessig kontinuitet

Arveavgiftslova er oppheva med verknad for dødsfall frå og med 2014 og for gåve som blir gjeven frå og med 2014.

Avgiftspliktig arv/gåve med skattemessig kontinuitet skal difor berre nyttast der dødstidspunktet for arvelataren var før 2014.

Transaksjonstypen blir brukt i post 23 og 25 ved alle gåve- og arveoverføringar mellom fysiske personar som er busette i Noreg, og som er avgiftspliktige etter arveavgiftslova. Anskaffingsverdifeltet i

post 23 skal ikkje fyllast ut, fordi bruk av transaksjonstypen fører til at dei skattemessige verdiane som er registrerte på arvelataren/gjevaren, automatisk blir overførte til den mottakande aksjonæren. Feltet "Gjevar/arvelatars f.nr." må fyllast ut. I post 25 skal ikkje feltet "Totalt vederlag/Utbetalt av innbetalt kapital" fyllast ut. Dessutan må feltet "Mottakars f.nr." i post 25 fyllast ut.

Arv/gåve med skattemessig kontinuitet

Arveavgiftslova er oppheva med verknad for dødsfall frå og med 2014 og for gåve som blir gjeven frå og med 2014.

Transaksjonstypen skal brukast i post 23 og 25 ved alle gåver som er mottokne i 2018 eller der ein har fått aksjar i arv og arvelatar døyde etter 2013.

Vidare skal transaksjonstypen brukast ved alle overføringar mellom ektefellar. Anskaffingsverdifeltet i post 23 skal ikkje fyllast ut, fordi bruk av transaksjonstypen fører til at dei skattemessige verdiane som er registrerte på arvelataren/gjevaren, automatisk blir overførte til den mottakande aksjonæren. Feltet "Gjevar/arvelatars f.nr." må fyllast ut. I post 25 skal det ikkje fyllast ut noko vederlag i feltet "Vederlag totalt". Vidare må feltet "Mottakars f.nr." i post 25 fyllast ut.

Bytte av aksjar til/frå selskap utanfor Noreg

Denne transaksjonen skal brukast ved bytte av aksjar når minst 90 prosent av aksjane i utanlandsk selskap blir overdregne til selskap som er heimehøyrende i Noreg. Dette kan gjennomførast utan å skattleggje aksjonærene i det utanlandske selskapet dersom transaksjonen blir gjennomført i samsvar med skattemessig kontinuitet. Norske aksjonærar må sjølve sjå til at inngangsverdien på dei utanlandske aksjane blir ført vidare på dei norske aksjane i RF-1088. Sjå meir i Liknings-ABC under emnet Aksjer-aksjebytte.

Flytting av selskap til og frå Noreg

Denne posten skal brukast når selskapet flyttar til Noreg. Aksjonærene må sjølve kontrollere, eventuelt korrigere, slik at han får rett inngangsverdi i Aksjeoppgåva (RF-1088).

Fordeling mellom ektefellar ved skilsmisse

Slike overføringar utløyser ikkje skatteplikt og det skal vere kontinuitet på inngangsverdiene.

Døme

Ola eig 4 aksjar som han har erverva i 2 omgangar. Han kjøpte 2 aksjar i 1990 for kr 200 per aksje og 2 aksjar i 2002 for kr 100 per aksje. I samband med skilsmisseoppgjæret skal Ola overføre 1 aksje til Kari. Når ein vel denne transaksjonstypen, får Kari 1 aksje med ein inngangsverdi på kr 150.

Overføring med skattemessig kontinuitet

Denne transaksjonstypen blir brukt når det overdragande selskapet ved fisjon eller fusjon overfører aksjar til det overtakande selskapet (overtakande blir eigar av aksjane i staden for overdragande). Transaksjonstypen kan òg brukast ved t.d. omdanning frå personleg næringsverksemd til aksjeselskap, dersom det ved omdanninga blir overført aksjar.

Inntektsfrådrag når ein investerer i oppstartsbedrifter

Rapportering når personlege aksjonærar investerer direkte i eit oppstartsselskap: Oppstartsselskapet nyttar transaksjonstypen "Stifting/nyemisjon med inntektsfrådrag" for kvar einskild personlege aksjonær som gjer eit slikt innskot med frådragsrett. Felta som skal fyllast ut er Kor mange aksjar i tilgang, Tidspunkt og Total anskaffingsverdi. I feltet for anskaffingsverdi fører ein det frådragsgivande innskotet til aksjonæren.

Rapportering når ein personleg skatteytar gjer innskot gjennom eit aksjeselskap han/ho er eigar i (holdingselskap):

Oppstartsselskapet nyttar transaksjonstypen "Stifting/nyemisjon med inntektsfrådrag". Felta som skal fyllast ut er Kor mange aksjar i tilgang, Tidspunkt og Total anskaffingsverdi.

Holdingselskapet nyttar transaksjonstypen "Frådrag for investering i oppstartsselskap" for kvar einskild personlege aksjonær som kjem inn under ordninga. Felta som skal fyllast ut er Tidspunkt, Total anskaffingsverdi og Gjevares organisasjonsnummer.

Med gjevares organisasjonsnummer meiner vi oppstartsselskapet som holdingselskapet har investert i.

Skattefri utbytteaksje

Denne transaksjonstypen blir nytta i dei tilfella der selskapet deler ut eigne aksjar til aksjonærene. Utdelinga av slike aksjar skal ikkje skattleggjast for utbytte

dersom ein deler ut aksjane til alle aksjonærar i det same forholdet som eigardelane deira. Når ein nyttar denne transaksjonstypen, blir aksjonæren sine inngangsverdiar omfordelte mellom opphavlege aksjar og utbytteaksjar.

Døme:

A eig 20 aksjar med ein inngangsverdi på 1000 kroner per aksje. A tek imot 5 utbytteaksjar. A har då etter dette 25 aksjar med ein inngangsverdi på kroner 800 per aksje (samla inngangsverdi 20 000 kr / talet på aksjar 25).

Post 24: Aksjar i tilgang ved omfordeling

Opplys om talet på utskrivne aksjar for denne aksjonæren på grunn av omfordelingstilfelle.

Gje opp kva slags transaksjonstype som er årsak til at aksjane er sletta.

Desse hendingane er aktuelle:

- fondsemisjon
- splitt
- skattefri fusjon
- skattefri fisjon
- samanslåing/deling av aksjeklasse
- skattefri fusjon/fisjon med utanlandsk selskap

Gje opp tidspunktet for anskaffinga. Ved skattefri fusjon/fisjon gjev du opp organisasjonsnummeret til det overdragande selskapet, aksjeklasse og det overdragande selskapet sitt pålydande per aksje.

Skattefri fusjon/fisjon med utanlandsk selskap

For denne transaksjonstypen skal felte Kor mange aksjar i tilgang og Tidspunkt fyllast ut. Norske aksjonærar må sjølv sjå til at inngangsverdien på dei utanlandske aksjane blir ført vidare på dei norske aksjane i RF-1088.

Samanslåing/deling av aksjeklassar Sjå framgangsmåte under post 10.

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 10. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 25: Aksjar i avgang

Gje opplysningar om talet på aksjar som aksjonæren har realisert, overført til andre, eller som er sletta i inntektsåret (gjeld òg for selskapsaksjonærar som fell inn under fritaksmetoden).

Gje opp i feltet "Transaksjonstype" kva slags hending som er årsak til slettinga eller realisasjonen:

- sal
- arv utan skattemessig kontinuitet
- gåve utan skattemessig kontinuitet
- arv/gåve med skattemessig kontinuitet (skal òg brukast ved overføring mellom ektefellar)
- avgiftspliktig arv/gåve med skattemessig kontinuitet
- gåvesal
- likvidasjon
- likedelt partiell likvidasjon
- skeivdelt partiell likvidasjon
- skattepliktig fusjon
- skattepliktig fisjon
- innløyning i samband med skattefri fusjon/fisjon
- avgang eigne fusjon/fisjon
- konserntern overføring
- sletting av eigne (selskapet sine) aksjar
- overføring med skattemessig
- bytte av aksjar til/frå selskap utanfor Noreg
- flytting av selskap til og frå Noreg
- fordeling mellom ektefellar ved skilsmisse
- skattefri utbytteaksje

Gje opp tidspunktet for realisasjonen.

Kjenner selskapet

realisasjonsvederlaget til aksjonæren, kan det eventuelt gjevast opp for heile aksjeposten.

Ved likedelt partiell likvidasjon gjev ein opp utbytte i post 21 og tilbakebetaling av innbetalt kapital i feltet "Totalt vederlag/Utbetalt av innbetalt kapital". Likedelt partiell likvidasjon blir ikkje rekna for ein realisasjon, og ved bruk av denne hendingstypen er det berre tilbakebetaling av innbetalt kapital som skal førast i feltet. Ordinær likvidasjon og skeivdelt partiell likvidasjon er realisasjon, og då skal det totale vederlaget som blir utbetalt førast i feltet.

Posten finst ikkje på selskapsnivå ved sal, arv-/gåvetilfelle eller overføring med skattemessig kontinuitet fordi desse berre gjeld transaksjonar mellom aksjonærar.

Ved andre transaksjonar må tilsvarande opplysningar fyllast ut på selskapsnivå i post 11. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Byte av aksjar til/frå selskap utanfor Noreg

Denne transaksjonen skal brukast ved byte av aksjar når minst 90 prosent av aksjane i selskap heimehøyrande i Noreg blir overdregne til eit utanlandsk selskap. Dette kan gjennomførast utan å skattleggje aksjonærane i det norske selskapet dersom transaksjonen blir

gjennomført i samsvar med skattemessig kontinuitet. Norske aksjonærar må sjølv sjå til at inngangsverdien på dei norske aksjane blir ført vidare på dei utanlandske aksjane i RF-1088. Sjå meir i Liknings-ABC under emnet Aksjer-aksjebytte.

Flytting av selskap til og frå Noreg

Denne posten skal brukast når selskapet flyttar frå Noreg og utflyttinga ikkje utløyser realisasjonsskattlegging. Ved skattepliktig utflytting brukar ein hendingstypen Likvidasjon. Om flytting av selskap ut av Noreg, sjå Liknings-ABC under emnet "Utland – utflytting av selskap fra Norge".

Arv/gåve

Sjå framgangsmåte under post 23.

Overføring med skattemessig kontinuitet Sjå framgangsmåte under post 23.

Fordeling mellom ektefellar ved skilsmisse

Sjå framgangsmåte under post 23.

Skattefri utbytteaksje

Sjå framgangsmåte under post 23.

Post 26: Aksjar i avgang ved omfordeling

Opplys om talet på sletta aksjar i selskapet i løpet av inntektsåret på grunn av omfordelingstilfelle.

Gje opp kva slags transaksjonstype som er årsak til at aksjane er sletta.

Desse hendingane er aktuelle:

- spleis
- skattefri fusjon
- skattefri fisjon
- samanslåing/deling av aksjeklasse
- skattefri fusjon/fisjon med utanlandsk selskap
- fusj. skattefri til mor eller fisj. asl. §14-11 b

Gje opp tidspunktet for slettinga.

Ved skattefri fusjon/fisjon gjev du opp organisasjonsnummeret til det overtakande selskapet, aksjeklasse og pålydande verdi av vederlagsaksjane.

Ved skattefri fusjon/fisjon der det selskapet som skriv ut vederlagsaksjar, er morselskapet til det overtakande selskapet (konsernfusjon/-fisjon), skal organisasjonsnummeret til det utskrivande selskapet, aksjeklasse og pålydande på vederlagsaksjane gjevast opp.

Skattefri fusjon/fisjon med utanlandsk selskap

For denne transaksjonstypen skal felte Kor mange aksjar i avgang og Tidspunkt fyllast ut. Norske aksjonærar må sjøive sjå til at inngangsverdien på dei norske aksjane blir ført vidare på dei utanlandske aksjane i RF-1159. Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 12. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Ny transaksjonstype i år

Fusjon skattefri til mor eller fisjon asl §14-11b

I dei tilfella der det ikkje blir skrivne ut vederlagsaksjar i mor/dotter-fusjon skal du nytte den nye transaksjonstypen "Fusjon skattefri til mor eller fisjon asl §14-11b". Denne transaksjonstypen skal òg nyttast ved fisjon når dei overtakande selskapa eig alle aksjane i det overdragande selskapet.

Samanslåing/deling av aksjeklassar

Sjå framgangsmåte under post 10.

Post 27: Tilbakebetalt innbetalt aksjekapital (totalt beløp) og utbetalt fondsemittert aksjekapital ved reduksjon av pålydande per aksje

Opplys om tilbakebetalt/utbetalt beløp til aksjonæren ved nedsetjing av aksjekapitalen i selskapet ved reduksjon av pålydande per aksje. Gje opp på aksjonærnivå om nedsetjinga gjeld tidlegare innbetalt eller fondsemittert aksjekapital. Gje opp reduksjon av pålydande per aksje og tidspunktet for nedsetjinga. Selskapet kan ikkje bruke innbetalt aksjekapital som utbetaling til aksjonærene før all fondsemittert aksjekapital er utbetalt. (Tilbakebetaling av innbetalt aksjekapital reduserer inngangsverdien på aksjen.)

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 17. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Tilbakebetaling av tidlegare fondsemittert aksjekapital (som ikkje er innbetalt) blir skatterettsleg rekna som utbytte, og beløpet skal difor òg førast i post 21 (og post 8 på selskapsnivå).

Post 28: Tilbakebetalt tidlegare innbetalt overkurs for aksjane

Opplys om nedsetjing av innbetalt overkurs med tilbakebetaling til

aksjonæren. Gje opp det totale beløpet kvar enkelt aksjonær får utbetalt per tilbakebetaling og tidspunktet for tilbakebetalinga. (Tilbakebetaling av innbetalt overkurs reduserer inngangsverdien på aksjen.) Tilbakebetaling av overkurs som ikkje er innbetalt, skal handsamast som utbytte og gjevast opp i post 21 (og post 8 på selskapsnivå).

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 13. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Post 29: Forhøgning av aksjekapital og overkurs ved auke av pålydande ved nyemisjon, fisjon og fusjon

Aksjonæren sin del av forhøgning av kapital på aksjekapital og overkurs ved nyemisjon, fisjon og fusjon skal førast her.

Under "Transaksjonstype" skal det gjevast opp kva slags transaksjon som er årsak til forhøgninga av aksjekapitalen.

Desse hendingane er aktuelle:

- fisjon ved auke av pålydande
- fusjon ved auke av pålydande
- nyemisjon ved auke av pålydande
- forenkla fusjon etter asl. § 13-24
- fusjon/fisjon utland ved auke av pålydande
- nyemisjon ved konvertering av fordring ved auke av pålydande

Hendinga "Forenkla fusjon etter asl. § 13-24" kan brukast ved fusjon av to aksjeselskap med same eigar, der eigaren eig alle aksjane i selskapa. Inngangsverdiene på aksjane i det overdragande selskapet vil då bli omfordelte på aksjane i det overtakande selskapet.

Ved auke av aksjekapital gjev du opp aksjonæren sin del av forhøgninga.

Gje vidare opp auken av pålydande per aksje og tidspunktet for kapitalauken.

Ved auke av overkurs gjev du opp aksjonæren sin del av forhøgninga.

Som innbetalt overkurs reknar ein berre beløp som faktisk er innbetalte (overkurs kan bestå av både innbetalt og opptent kapital).

Ved skattefri fisjon/fusjon gjev du i tillegg opp det overdragande selskapet sitt organisasjonsnummer og aksjeklasse.

Inngangsverdien til aksjane blir rekna for å vere forhøgd med dei innbetalte beløpa.

Fusjon/fisjon utland ved auke pålydande

Denne skal brukast når eit norsk selskap aukar aksjekapitalen ved ein fusjon eller fisjon med/frå eit utanlandsk selskap. Når ein brukar denne transaksjonstypen, skal ein bruke felte Forhøgning av aksjekapital, Auke av pålydande per aksje og Tidspunkt. Om skattefrie fusjonar og fisjonar over landegrensene, sjå Liknings-ABC under emnet "Fusjon over landegrensene" og emnet "Fisjon over landegrensene".

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på selskapsnivå i post 15. Samsvarar ikkje opplysningane på selskaps- og aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva godkjend.

Ny post

Post 30: Aksjonæren sin del av nedsetjing av aksjekapital i samband med reduksjon av pålydande ved fisjon

Denne posten inneheld to transaksjonstypar.

"Fisjon ved reduksjon pålydande" skal brukast når det blir fisjonert ut til eitt overtakande selskap.

"Fisjon ved oppsplitting av selskap" skal brukast når det blir fisjonert ut til fleire overtakande selskap.

Her fører du aksjonæren sin del av nedsetjinga av aksjekapitalen og tidspunktet for fisjonen. Gje opp organisasjonsnummeret til det overtakande selskapet og aksjeklassen på dei aksjane ein tek imot som vederlagsaksjar i det overtakande selskapet, eventuelt ISIN.

Dersom ein aksjonær ønskjer å fordele den utfisjonerte parten sin på fleire selskap, må ein nytte éin transaksjon per selskap.

Er det utskrivande selskapet morselskapet til det overtakande selskapet (konsernfisjon), skal ein føre opp organisasjonsnummeret for det utskrivande selskapet og aksjeklassen på dei aksjane ein tek imot som vederlagsaksjar i morselskapet til det overtakande selskapet, eventuelt ISIN.

Tilsvarande opplysningar må fyllast ut på aksjonærnivå, blir ikkje oppgåva
selskapsnivå i post 18. Samsvarar ikkje godkjend.
opplysningane på selskaps- og